



Signar André Skarsvåg
Røysetvegen 100
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1595 - 17/16191

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
17.08.2017

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Ståldalsvegen Gbnr 13/3 og 13/4 Røyset

Administrativt vedtak. Saknr: 226/2017

Saksutgreiing:

Signar Skarsvåg og Oddny Røyset søker søknad dagsett 08.06.2017 om løyve til å byggje ca.113 meter med ny traktorveg i vegklasse 7 og opprusting av ca. 230 meter av ein eldre traktorveg til vegklasse 7. Vegen er tenkt nytta 50 % til jordbruksformål og 50 % til skogbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 80 daa, kor 41 daa er skog og 39 daa er jordbruksareal. Det er innafor dekningsområde kalkulert eit ståande volum ca. 1000 m³. Byggjekostnaden er kalkulert til kr 45.000 for nyanlegget og kr 120.000 for ombygging av eksisterande veg.

Søklarane er naboar og eig kvar sin landbrukseigedom. Eigedommane har 111,2 daa skog, 18,8 daa fulldyrka jord, 24,3 daa overflatedyrka jord, 48,4 daa innmarksbeite og 284,4 daa anna areal. Søklarane ynskjer å nytta vegen i samband med uttak av skog og skogskjøtsel og i samband med jordbruksdrift. Det vil vorte litt ulik bruk av vegen av søklarane, på bakgrunn av kva areal dei har innafor vegens dekningsområde. Søklarane ynskjer å nytta vegen for å betre drifta på jordbruksareala. Dei er ulendte og småkuperte og har blaute parti. Det er også planlagt å nytta vegen for å ta ut skog og rydde opp i eit felt med vindfall.

Det er i dag ein eldre traktorveg frå tunet på gbnr. 13/3 som kryssar oppover innmarka. Dette er ein eldre jordveg som i dag vert nytta. Det er søkt om å ruste opp denne, og bygge den vidare mot utmarka på gbnr. 13/4.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med

Vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjør landbruksformålet all planlagt bruk av vegen.

Opprustinga av den eksisterande vegen og nyanlegget vil vere viktige tiltak for å betre tilkomsten til arealet i samband med skogsdrift og jordbruksdrift. Den eksisterande vegen er ein eldre jordveg, som har dårleg bæring og er smal. Dette gjer at vegen er mindre egna for moderne landbruksmaskiner og utstyr. Vidare har vegen dårleg bæring, i nedbørsrike periodar er det viktig med gode køyresterke vegar. Gode vegar reduserer køyreskader og avrenning. Vidare vil vegen betre dreneringa i område, slik at vatnet vert leda bort frå vegkroppen. Forbetring og forlenging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å betre tilkomsten til skogen. Det er eit område med mykje vindfall av gran som må ryddast opp., og tilkomsten til skogen frå nedsida er vanskeleg. Det omsøkte nyanlegget vil sørge for ein god og enkel tilkomst til dette arealet. Vidare vil ein betre vegtilkomst kunne gjere det lettare å få gjennomført skogskjøtselsoppgåver.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast.

Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men uttaler; Søkjar må sørge for å ikkje skade nyare tids kulturminne under bygging av veg, og bruken av vegen må ikkje kunne gjere skade på desse. I hovudsak dreier dette seg om steingardar langs faret ein ønskjer oppjustert veg. Til dømes kan vegen leggjast litt om for å ikkje skade desse murane. Sjølve vegen er til dels eit kulturminne i seg sjølve, og ein bør i så stor grad som mogleg ta omsyn til dette.

I tillegg kjem ein bygning i SEFRAK, id-176035331, nr. 12560108218 nord for den omsøkte vegen på 13/3, registrert som sommarfjøs i 1995, med Oddny Røyset som informant. Denne må ikkje skadast av arbeidet eller tiltaket.

Administrasjonen meiner at bygginga av vegen vil kunne tilpassast steingarden og SEFRAK registrert bygning slik at dess ikkje tek skade av bygginga. Søkjar har opplyst at vegen er planlagt slik at steingarden ikkje kjem i konflikt med vegen. Administrasjonen ser at vegen har kulturhistorisk verdi og at dette er ein del av kulturlandskapet i område. Men administrasjonen legg vekt på at vegen må vere funksjonell slik at landbruksdrifta kan oppretthaldast. Den eksisterande vegen skal rustas opp, og vil følgje same trase som før.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføre vesentleg auke, då bruken ikkje vert endra (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Bygging av vegen vil medføre sprenging for å tilpasse vegen til terrenget. Dette kan medføre støy som kan vere til ulempe for naboar. Administrasjonen meiner at ved sprenging må det takast tilstrekkeleg omsyn til pelsdyrproduksjon og eggproduksjon som ligg i nærleiken for å unngå stress eller anna skader på dyra. Dette inneber at eigarane skal varslast og sprengingstidspunkt må avklarast med eigarane for å unngå belastning på dyra.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til ombygging av eksisterande traktorveg til vegklasse 7 og nyanlegg i vegklasse 7. Administrasjonen meiner at ein forlenging og ombygging vil betre tilkomsten til både skog og innmark. Dette vil gjere at oppgåver i samband med jord- og skogsdrift kan gjerast meir rasjonelt og effektivt.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til ombygging av traktorvegen Ståldalsvegen som omsøkt. Eksisterande traktorveg skal byggast om i om lag 230 meter til vegklasse 7 og det skal byggast om lag 113 meter som nyanlegg.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 7 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
3. Det skal ved bygging takast omsyn til steingarder og SEFRAK bygningar slik at dei ikkje tek skade av arbeidet. Vegen skal tilpassast steingard som omsøkt.
4. Det skal takast tilstrekkeleg omsyn til naboar som driv med egg- og pelsdyrproduksjon ved sprenging. Dei skal informerast før sprenging skjer, og sprenginga må gjerast i samråd med eigarane i høve til val av tidspunkt.
5. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 18.08.2020.
6. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakere:

Signar Andrè Skarsvåg

Røysetvegen 100 5918

FREKHAUG